

# **Der roser aldri dør**

**Til den stad eg er på vandring,  
der eg fri legg ned mi bør.  
Livets tre står der i bløming,  
der som roser aldri dør.**

**Kor:**

**Der skal roser aldri visna,  
frosten bit ikkje som før.  
Til den stad eg er på vandring,  
dit der roser aldri dør.**

**Motgang møter meg i verda,  
men det fins ei open dør  
til ein kvilestad på ferda  
dit der roser aldri dør.**

**Tidt vert foten sår og blodig,  
augo ser som gjennom slør.  
Men eg vandrar glad og modig  
dit der roser aldri dør.**

*D. Bergagård/B. Andersson  
Norsk tekst: Tobias Skretting  
Melodi: Jack & Jim Elsie*